

Andakt av Ingrid Finsådal

Tekst: Evangeliet etter Johannes 16,16-22



By Duccio di Buoninsegna <https://commons.wikimedia.org/w/index.php?curid=7922656>

Nokre avskil krev meir førebuing enn andre. Nokre avskil har vi vanskeleg med å forstå. Nokre avskil kostar oss mykje. Som for eksempel for eit barn som skal byrje i barnehagen for fyrste gong og må seie «hadet» til foreldra sine, eller 10.klassingen på skuleavslutninga som må skiljast frå venene sine, eller kona som må seie «hadet» til mannen sin før ei lang jobbreise. Ikkje minst kostar det oss mykje den dagen ein må stå ved gravkanten til den ein var glad i. Då kan avskil gjere oss spørjande, engstelege og urolege.

Jesus visste at hans avskil kom til å gjere læresveinane urolege og spørjande. Men han visste også at hans avskil var nødvendig for heilt og fullt kunne vere saman igjen - gjennom alle tider. Derfor brukte han lang tid til å førebu læresveinane på det som skulle skje. Gjennom heile tre kapittel i Johannes evangeliet tar Jesus avskil. Men han førebu dei på at det berre vil gjelde for ein

liten stund. «*Om ei lita stund ser de meg ikkje, og om endå ei lita stund skal de få sjå meg.*» Det er lettare å halde ut usikkerheit og angst om ein veit at det berre er midlertidig. Det er lettare å ta avskil om ein veit at vi skal sjåast igjen. Det er som om Jesus til læresveinane seier det som har vore den siste månadens ord til oppmuntring mange stedar i landet: «Det blir bra».

Men kva for ventetid er det Jesus talar om? Kva for mellomtid er det han prøvar å førebu sine læresveinar på? I boka «Ord gjennom året» har Sjur Isaksen skissa opp ein fin tredeling på korleis ein kan forstå Jesu forkynning og avskilssførebuing:

Det vesle mellomrommet: Jesus snakkar om sin eigen død og den tida læresveinane må vente før han står opp igjen. Dette er historia sitt midtpunkt. Men det er ikkje rart læresveinane ikkje skjønna dette når han fortalte det. Dei hadde aldri på det tidspunktet før vore vitne til at nokon stod opp frå dei døde. Vi som lever no kan lese historia baklengs med oppstoda fyrst. Det kunne ikkje læresveinane, derfor måtte Jesus førebu dei på det som skulle kome.

Det store mellomrommet: Jesus førebur i sin tale, ikkje bare læresveinane, men også oss på at han ein gong skal kome att i herlegdom. Vår tid er derfor også ei ventetid og et mellomrom. Men i dette mellomrommet er vi ikkje åleine. Jesus seier: «*Frykt ikkje! Eg let dykk ikkje vere at som foreldrelause barn!*» Sjølv om vi lengtar etter å sjå han slik han er, har han lova å vere nær oss over alt der vi er usynleg tilstades.

Våre eigne mellomrom: Jesus talar også til våre både små og store mellomrom i livet. Tider då vi synes Jesus er skult for oss.

Dagar då mørket, tåka, frykta og angsten tar overhand og vi ikkje klarar å sjå vidare. Også i dei, våre personlege mellomrom, er vi likevel alltid sett av Gud. Og det er viktigare å vere sett av Gud enn sjølv å sjå Gud.

Det kan vere krevjande å ta avskil, både på ein fyrste barnehagedag, på ein skuleavslutning eller før ei jobbreise. Ikkje minst kan det være vondt og vanskeleg å stå på ein gravkant framfor ein av sine kjære. Men etter påske, etter Jesu Kristi død og oppstandelse, løftast det til og med ved gravkanten opp eit håp også for oss - til nytt liv og gjensynsglede. For som Jesus sjølv seier: «Eg skal sjå dykk att, og hjarte dykkar skal gleda seg, og den gleda skal ingen ta ifrå dykk.»